

STENSILTRYKK NR. 32

Stensiltrykk nr. 32.  
Institutt for grønsakdyrking,  
Norges Landbrukshøgskole.  
Jan. 1969.

NORSKE GRØNSAKNAMN

MED

KORTE DEFINISJONAR

av

Gudmund Balvoll

## INNHALD

	Side
I. Innleiing	1
II. Norske namn, definisjonar, og tilsvarande latinske, danske, svenske, engelske og tyske namn	3
III. Latinsk ordliste	49
IV. Dansk ordliste	53
V. Svensk ordliste	55
VI. Engelsk ordliste	57
VII. Tysk ordliste	60
VIII. Litteratur	64

## I. INNLEIING

Under utarbeiding av ordtilfanget for Norsk Landbruksordbok fann vi at det ville vera ein føremon å samla plante-, sortsgruppe- og bruksprodukt-namn innan grønsaker i eit særskilt skrift.

Stensiltrykket er bygt opp med tanke på å gje eit oversyn over kva meiningar orda har både i faglitteraturen og munnleg tale.

Språkforma er nynorsk. Dersom namna ikke har same skrivemåte både på nynorsk og bokmål, er dette markert med <sup>n</sup> for nynorsk og <sup>b</sup> for bokmål. Sideformene er merkte (n) og (b). Når det gjeld skrivemåten, er godkjende ordlister fylgde, men med tillegg av: artiskokk, soja(bønne) og <sup>b</sup>graskar. Det er dessutan sett namn på ein del tropiske og subtropiske plantearter som er viktige i kosthaldet der dei blir dyrka. Desse namna er merkte med X. Det same gjeld einskilde andre nye namn og tydingar.

Namna er skrivne i eintal. Dette har ordboktekniske føremoner, men det er også gjennomført av di det har vori uråd å finna noko rimeleg grunnlag for når eintal eller fleirtal bør nyttast. Fylgjande fleirtalsformer er likevel brukte: brune bønner, høge/låge bønner.

I mange høve har fleire namn same tyding. I samarbeid med andre innan instituttet, er det då valt ut eit hovudord som så er nærare definert. For synonyma vert det vist til hovudnamnet (d.s.s. = det same som, s. = sjå).

Dersom namnet har fleire tydingar, er dei (med unnatak av dei minst kjende planteslaga), nummererte. Det er ikkje framheva eller frårådd nokon bestemd bruksmåte av namnet. Er bruksmåten direkte feilaktig eller misvisande, er dette nemnt. Tilvisingar til særskilde tydingar av eit anna namn er gjort ved å setja vedkommande nummer etter namnet. Døme: "ASPARGESKÅL, ein, d.s.s. BROKKOLI 1,2", som tyder at aspargeskål er synonym for tyding 1 og 2 av brokkoli.

Dersom det finst ein botanisk-systematisk definisjon, er denne oppført først, etter bokstavane BOT. Med unnatak av dei mest vanlege grønsakslaga er det gitt ei kort skildring av plantene. Det blir her nytta fleirtalsform for å understreka at ordet i grønsakdyrkinga gjeld ein kultur av planter og ikkje ei einskild plante. For dei viktigaste slekter, arter eller varietetar er det gitt eit oversyn over grupperinga vidare nedover i systemet.

Det botaniske systemet som er fylgt, er ei gruppering i: familie, slekt, art, varietet og form. Namnet varietet er føretrekt også i høve der underart kanskje ville vera eit rettare omgrep. Botanisk gruppering og latinske namn i kapitel II er for det meste i samsvar med THORSRUD og REISÆTER (1948). Endringar er berre gjort når det er sterke grunnar for det.

Samsvarar ordbruken i faglitteraturen med den botaniske definisjonen, er GRD. oppført etter BOT., men framfor definisjonen. Er tydingane ulike, fylgjer grønsakdefinisjonen etter

neste tal og GRD. Bokstavane GRD. står elles alltid oppførde framfor definisjonar som høyrer inn under grønsakdyrkinga, men ikkje for matnyttige produkt (grønsak/krydder). Av plassomsyn er skildringa av dei matnyttige produkta korte. For rotvokstrane står det såleis "oppsvulma rot-stengel-del" som ei forkorting for at knollen eller rota er oppbygd av øvre del av primærrota, hypokotylen og litt av stengelen.

Etter bokstavane SYN. er det oppført namn som er synonym av tekstnamnet og/eller namn som kan ha same tyding. Berre den skriftforma av namnet som står først i ordlista er medteki her. Under dei ulike definisjonane kjem synonym med tilsvarande tyding, medan synonym for alle definisjonar kjem til slutt, på ny linje.

Til slutt er det oppført tilsvarande danske (d.), svenske (s.), engelske (e.) og tyske (t.) namn. Avvik ordbruken i USA frå det som er vanleg i England, er dei namna som er brukte i USA oppførde etter bokstavane am.

I einskilde høve kan eit norsk namn vera meir vidfemnande enn kva det er på eit anna språk, og det må brukast to namn på dette språket for å dekkja omgrepet. Det er då brukt teiknet + for å markera dette. Utanlandske namn som ikkje er einstydige, er merkte med<sup>+</sup>.

I kapitel III er det oppført ei latinsk ordliste der vanleg brukte synonym i faglitteraturen er tekne med. I motsetnad til kapitel II er det her også medteki autornamn i parentes.

Til slutt i stensiltrykket er det oppført dansk, svensk, engelsk og tysk ordliste med tilvisingar til dei tilsvarande norske namna.

II. NORSKE NAMN, DEFINISJONAR, OG TILSVARANDE LAT-  
INSKE, DANSKE, SVENSKE, ENGELSKE OG TYSKE NAMN

- 1 <sup>x</sup>ADSUKIBØNNE, ei, (<sup>n</sup>-BAUNE)  
BOT.,GRD. Art (*Phaseolus angularis* Wight) av slekta bønne i ertefam. Opptil 80 cm høge, buska og opprette planter. Vanleg dyrka i Asia. Viktig matplante, særleg i Kina.  
e. adzuki bean.
- 2 AGURK, ein  
1. BOT.,GRD. Art (*Cucumis sativus* L.) av slekta saftfrukt i graskarfam. Sortar, dyrka i Noreg, blir på grunnlag av fruktforma grupperte i slange-, drue- og asieagurk, etter dyrkingsstaden i frilands- og veksthusagurk, og etter den vanlegaste bruksmåten i salte-, sylte- og salatagurk.  
2. (GRD.) I daglegtale ofte d.s.s. slangeagurk 2,3.  
3. Umogen frukt av plante innan arta, brukt som grønnsak.  
d. agurk; s. gurka; e. cucumber; t. Gurke f.
- 3 AGURKURT, ei  
1. BOT.,GRD. Art (*Borago officinalis* L.) av slekt i rubladfam. Eittårige, 30-60 cm høge pryd- og krydderplanter med stivhåra blad.  
2. Blomstrar og/eller unge blad av planter innan arta, brukt som krydder i frisk tilstand.  
SYN. Hjulkrone.  
d. hjulkrone; s. gurkört; e. borage, cool tankard;  
t. Boretch m, Gurkenkraut n.
- 4 ANIS, ein  
1. BOT.,GRD. Art (*Pimpinella anisum* L.) av slekta gjeldkarve i skjermpl.fam. Omlag 30 cm høge, eittårige planter med aromatisk lukt.  
2. Blad av planter innan arta, brukt som krydder.  
3. Mogne frukter av planter innan arta, brukt som krydder.  
d. anis; s. anis; e. anise; t. Anis m.
- 5 ARTISKOKK, ein  
1. BOT.,GRD. Art (*Cynara scolymus* L.) av slekta saftsveip i korgpl.fam. Fleirårige planter med opptil 2 m høge, greina stenglar.  
2. Ikkje fullt utvikla blomsterkorg av plante innan arta, brukt som grønnsak.  
SYN. (Før:) Artisjokk.  
d. artiskok; s. kronärtskocka; e. globe artichoke, am. artichoke; t. Artischocke f.

- 6 ASIEAGURK, ein  
 1. GRD. Sortsgruppe innan frilandsagurk 1. Planter med 20-30 cm lange frukter.  
 2. Umogen frukt av plante innan sortsgruppa, vanlegvis brukt til sursylting.  
 d. asieagurk, asier; s. asiegurka.
- 7 ASPARGES, ein  
 1. BOT. Slekt (*Asparagus L.*) i liljefam.  
 2. GRD. D.s.s. vanlig asparges.  
 3. Stengelskot frá rotstokk av planter innan arta vanleg asparges, nytta som grønsak.  
 2+3): d. asparges; s. sparris; e. asparagus; t. Spargel m.
- 8 ASPARGES, <sup>b(n)</sup>VANLIG (<sup>n</sup>VANLEG)  
 BOT. Art (*Asparagus officinalis L.*) av slekta asparges i liljefam. Fleirårige 0,5-1 m høge planter med sterkt greina stengel og grøne, nålforma dverggreiner. SYN. Asparges 2.  
 d. asparges; s. sparris; e. asparagus, garden asparagus; t. Spargel m.
- 9 ASPARGESBØNNE, ei, (<sup>n</sup>-BAUNE)  
 1. GRD. (Før:) Sortsgruppe innan arta hagebønne. Planter med oval/runde skolmer som, i motsetnad til brekkbønne, er mindre enn 10 cm lange.  
 2. GRD. (Før:) Sortsgruppe som nemnd under 1, men ikkje medrekna sortar der plantene har gule skolmer.  
 3. Skolm av plante i sortsgruppe som nemnd under 1 eller 2, brukt som grønsak.  
 4. I konservindustrien: Liten skolm av plante innan gruppa brytbønne 1, konservert i heil tilstand.  
 d., s., e., t.,: (ikkje tilsvarande gruppering, sjå brytbønne).
- 10 ASPARGESKÅL ein, d.s.s. BROKKOLI 1,2.
- 11 ASPARGESSALAT, ein, d.s.s. STENGELSALAT.
- 12 AUBERGINE, ei, d.s.s. EGGPLANTE og EGGFRUKT.
- 13 BASILIKUM, ein, (BASILIK)  
 1. BOT.,GRD. Art (*Ocimum basilicum L.*) av slekt i lippebl.-fam. Eittårige, ca. 20 cm høge planter med sterkt kryddra lukt og smak.  
 2. Krydder av tørka blad og stenglar av planter innan arta.  
 d. basilikum; s. basilika; e. sweet basil; t. Basilikum n, Basilienkraut n.
- 14 BATAT, ein, (BATATE, ei) d.s.s. SØTPOTET.
- 15 <sup>n</sup>BAUNE, ei, s. BØNNE.

- 16 BINDSALAT, ein  
 1. BOT.,GRD. Varietet (*Lactuca sativa* L. *longifolia* Lam.) av arta hagesalat av slekta salat i korgpl.fam. Planter med avlange blad og lausbygde, søyleforma hovud.  
 2. Hovud av plante innan varieteten, brukt som grønnsak.  
 SYN. Romersk salat, romarsalat.  
 d. bindsalat, romersk salat; s. romersk sallat, bindsallat;  
 e. cos lettuce, romaine lettuce; t. Bindsalat m, Kochsalat m, Sommer-Endivie f, römischer Salat m.
- 17 BLADBETE, ein  
 1. BOT.,GRD. Varietet (*Beta vulgaris* L. *cicla* L.) av arta villbete av slekta bete i meldefam. To typar er dyrka: a) ein der blada blir nytta som grønnsak (*B.v.c. communis* Becker-Dill.), og b) ein med matnyttige, kraftige bladstilkar (*B.v.c. macropleura* Becker-Dill.).  
 2. Blad og bladstilkar av planter innan varieteten, brukt som grønnsak.  
 SYN. Mangold, spinatbete.  
 d. bladbede, mangold; s. mangold, bladbete; e. leaf beet;  
 t. Mangold m, Beisskohl m. la): e. foliage beet, spinach beet; t. Blattmangold m, Schnittmangold m. lb): e. chard, Swiss chard, seakale beet; t. Stielmangold m, Stengelmandgold m, römische Bete f, Rippenmangold m.
- 18 BLADKÅL, ein  
 1. BOT.,GRD. Varietet (*Brassica oleracea* L. *acephala* DC.) av arta dyrka kål av slekta kål i krossbl.fam. Sterkt variabel plantegruppe med mange subvarietetar/former. Dyrka i Noreg er: subvarieteteten fórkål, og (innan ein annan subvarietet) gruppene grønkål og pyntekål.  
 d. bladkål; s. bladkål; e. kales, borecoles, am. kales + collard; t. Blätterkohl m.
- 19 BLADPERSILLE, ei(n)  
 BOT. Varietet (*Petroselinum crispum* Nym. convar. *crispum*) av arta vanleg persille av slekta persille i skjermpl.fam. Planter med tynn, hard hovudrot og meir eller mindre krusa blad. Forma kruspersille har sterkt krusa blad.  
 SYN. Kruspersille 2.  
 d. persille, kruspersille; s. <sup>+</sup>bladpersilja, <sup>+</sup>persilja;  
 e. parsley; t. Blattpersilie f, Schnittpetersilie f.
- 20 BLADSALAT, ein  
 1. BOT.,GRD. Varietet (*Lactuca sativa* L. *crispa* L.) av arta hagesalat av slekta salat i korgpl.fam. Planter med blad i open rosett. I faglitteraturen ofte delt i to varietetar: plukk- og snittsalat.  
 2. Blad av plante innan varieteten, brukt som grønnsak.  
 SYN. Plukksalat 2.  
 d. bladsalat; s. bladsallat; e. loose leaf lettuce, cutting lettuce; t. Blattsalat m.



- 21 BLEIKSELLERI, ein, (<sup>b</sup>BLEK-)  
 1. (BOT.,GRD.) Tidlegare d.s.s. stilkSELLERI.  
 2. (GRD.) Ofte d.s.s. gul stilkSELLERI.  
 3. Kvit-gule bladstilkar av planter innan varieteten stilkSELLERI framkomne ved bleiking før hausting. Brukt som grønsak.  
 d., s., e., t.): (sjå stilkSELLERI og gul stilkSELLERI).
- 22 BLOMKÅL, ein  
 1. BOT.,GRD. Varietet (Brassica oleracea L. botrytis L.) av arta dyrka kål av slekta kål i krossbl.fam. Kan på grunnlag av krav til temperatur med omsyn til hovud- og blomsterdanning grupperast i tropiske sortar, vanlege sortar og vinterblomkål.  
 2. GRD. Den vanlege sortsgruppa som nemnd under 1. Planter som formar hovud ved vanleg sommarterperatur i tempererte strok (men ikkje i tropene).  
 3. Matnyttig misdana anlegg til blomsterstand av plante innan varieteten, vanlegvis med tanke på den vanlege sortsgruppa.  
 d. blomkål; s. blomkål; e. cauliflower; t. Blumenkohl m, Karfiol m.
- 23 BLOMSTERBØNNE, ei, (<sup>n</sup>-BAUNE) d.s.s. PRYDBØNNE.
- 24 BONDEBØNNE, ei, (<sup>n</sup>-BAUNE) d.s.s. VALSK BØNNE.
- 25 BREKKBØNNE, ei  
 1. GRD. (Før:) Sortsgruppe innan arta hagebønne. Planter med oval/runde skolmer som, i motsetnad til aspargesbønne, er meir enn 10 cm lange.  
 2. GRD. (Før:) Sortsgruppe som nemnd under 1, men ikkje medrekna sortar der plantene har gule skolmer.  
 3. Skolm av plante i sortsgruppe som nemnd under 1 eller 2, brukt som grønsak.  
 4. I konservindustrien: stor skolm av plante innan gruppa brytbønne 1, konservert etter oppkutting.  
 SYN. Brytbønne 2.  
 d., s., e., t.): (ikkje tilsvarende gruppering, sjå brytbønne).
- 26 BROKKOLI, ein  
 1. BOT.,GRD. Varietet (Brassica oleracea L. italica Plenck) av arta dyrka kål av slekta kål i krossbl.fam. Varietet som liknar blomkål, men plantene har laust bygde, langstrekte hovud og fullt utvikla blomsterknoppar i hovudet.  
 SYN. Aspargeskål.  
 2. Blomsterstand av plante innan varieteten, hausta på eit tidleg stadium, og brukt som grønsak. SYN. Aspargeskål.  
 3. (GRD.) I eldre skandinavisk faglitteratur (og framleis i land som Tyskland og England) d.s.s. vinterblomkål.  
 SYN. (Før:) Broccoli.  
 d. brokkoli, broccoli, aspargeskål; s. broccoli, sparriskål; e. am. sprouting broccoli, asparagus broccoli, am. broccoli; †. Spargelkoh† m, Sprossenkoh† m, Sprossenbrokkoli m, Brokkoli m, Broccoli m.

- 27 BRYTBØNNE, ei, (<sup>n</sup>-BAUNE)  
 x1. GRD. Sortsgruppe innan skolmbønne. Planter med grønne, ovale til runde skolmer (d.s.s. aspargesbønne 2 + brekkbønne 2). Kan vera låge eller høge brytbønner.  
 2. (GRD.) (Før:) d.s.s. brekkbønne.  
 3. Skolm av plante innan sortsgruppe som nemnd under 1, brukt som grønsak.  
 1 + 3): d. brydbønne; s. brytböna; e. round + oval-podded (French) bean, am. round- + oval-podded (snap)bean; t. rund- + oval-hülsige Bohne f, ("Brechbohne f": rund skolm eller namnet viser til seint hausta skolmer av rund/oval-typen, i motsetnad til "Prinzessbohne f," som er lite utvikla).
- 28 BRYTBØNNER, HØGE, (<sup>n</sup>-BAUNER, <sup>b</sup>HØYE)  
 xGRD. Sortsgruppe innan varieteteten høge bønner med skolmtypen brytbønne 1. SYN. Stong-brytbønne.  
 d. stang-brydbønne; s. höga brytbönor; e. round- + oval-podded climbing bean, am. round- + oval-podded pole bean; t. rund- + oval-hülsige Stangenbohne f.
- 29 BRYTBØNNER, LÅGE, (<sup>n</sup>-BAUNER, <sup>b</sup>LAVE)  
 xGRD. Sortsgruppe innan varieteteten låge bønner med skolmtypen brytbønne 1. SYN. Dverg-brytbønne, busk-brytbønne.  
 d. dværg-brydbønne; s. låga brytbönor; e. round- + oval-podded dwarf bean, am. round- + oval-podded bush bean; t. rund- + oval-hülsige Buschbohne f.
- 30 BRYTERT, ei, (<sup>n</sup>-ERTER)  
 GRD. Sortsgruppe innan arta hageert. Planter med skolmer som har tjukk, saftfull skolmvegg utan innerhinne. Kan grupperast i brytsukkerert og brytmergert.  
 d. brydært; s. brytärt.
- 31 BRYTMERGERT, ei, (<sup>b</sup>-MARG-, <sup>n</sup>-ERTER)  
 1. GRD. Sortsgruppe av typen bryttert innan arta hageert. Planter som har skolmer med tjukk, saftfull skolmvegg utan innerhinne og som har rynka frø.  
 2. Skolm av plante innan sortsgruppa, brukt som grønsak.  
 d. brydmarvært; s. brytmärgärt.
- 32 BRYTSUKKERERT, ei, (<sup>n</sup>-ERTER)  
 1. GRD. Sortsgruppe av typen bryttert innan arta hageert. Planter som har skolmer med tjukk, saftfull skolmvegg utan innerhinne og som har runde frø.  
 2. Skolm av plante innan sortsgruppa, brukt som grønsak.  
 d. brydsukkerært; s. brytsockerärt.
- 33 BUKKERT, ei, (<sup>n</sup>-ERTER) d.s.s. KIKERT.
- 34 BUSK-BRYTBØNNE, ei (<sup>n</sup>-BAUNE) d.s.s. LÅGE BRYTBØNNER.
- 35 BUSKBØNNE, ei, (<sup>n</sup>-BAUNE) d.s.s. LÅGE BØNNER

- 36 BUSKGRASKAR, eit, (<sup>b</sup>-GRESS-)  
 GRD. Gruppe av rankelause, kompakte sortar innan arter av slekta graskar, dei fleste innan arta mandelgraskar.  
 d. buskgraskar; s. buskpumpa; e. bush <sup>+</sup>marrow ("marrow" er ei spesiell sortsgruppe), am. bush pumpkin + bush squash;  
 t. (ikkje spesielt namn).
- 37 BUSK-SNITTEBØNNE, ei, (<sup>n</sup>-BAUNE) d.s.s. LÅGESNITTEBØNNER.
- 38 BUSKTOMAT, ein  
 GRD. Sortsgruppe innan gruppa frilandstomat. Planter med korte internodier, tettsitjande fruktklasar og avgrensa lengdevekst. Krev lite eller ikkje oppbinding.  
 d. busktomat; s. busktomat; e. bush type tomato, determinate tomato, upright tomato; t. Buschtomate f.
- 39 BØNNE, ei, (<sup>n</sup>BAUNE)  
 1. BOT. Slekt (Phaseolus L.) i ertefam. Fleire arter er dyrka, av dei hage- og pryd-bønne i Noreg. Limabønne er ei viktig matplante i tropiske og subtropiske strøk.  
 2. GRD. Dyrka arter av slekta bønne, som nemnd under 1, men omfattar også arter innan nærstående slekter, som soyabønne og bønnevikke.  
 3. GRD. Ofte d.s.s. hagebønne eller skolmbønne.  
 4. GRD. I daglegtale ofte d.s.s. låge bønner.  
 5. Matnyttig skolm av bønneplante.  
 6. Moge frø av bønneplante, nytta til mat.  
 d. bønne; s. böna; e. bean; t. Bohne f.
- 40 BØNNE, VALSK, (<sup>n</sup>BAUNE)  
 1. BOT.,GRD. Varietet (Vicia faba L. major Harz) av arta bønnevikke av slekta vikke i ertefam. I høve til varieteteten åkerbønne har plantene lange, tynne skolmer med store, flate frø.  
 2. BOT.,GRD. Ofte d.s.s. bønnevikke.  
 3. Umogen skolm av plante innan varieteteten, brukt som grønsak.  
 4. Umoge/moge frø av slik plante, nytta til mat.  
 SYN. Bondebønne, åkerbønne (hestebønne) 3, (fjør:) velske bønner.  
 d. valsk bønne, bønnevikke; s. <sup>+</sup>bondböna, välsk böna;  
 e. (sjå bønnevikke) t. <sup>+</sup>Puffbohne f, <sup>+</sup>Saubohne f.
- 41 BØNNER, BRUNE, (<sup>n</sup>BAUNER)  
 1. GRD. Ofte d.s.s. frøbønne.  
 2. GRD. Undergruppe av sortsgruppa frøbønne. Planter med skolmer med brune frø.  
 3. Frø av planter innan undersortsgruppa som nemnd under 2, brukt til mat.  
 d. brune bønner; s. bruna bönor.

- 42 BØNNER, HØGE, (<sup>n</sup>BAUNER, <sup>b</sup>HØYE)  
 BOT.,GRD. Varietet (Phaseolus vulgaris L. communis Asch.) av arta hagebønne av slekta bønne i ertefam. Planter med lange internodier og venstreslyngande, uavgrensa lengdevekst. SYN. Stongbønne.  
 d. stangbønne; s. höga bönor, stångböna, störböna; e. climbing (+French) bean, am. pole bean; t. Stangenbohne f.
- 43 BØNNER, LÅGE, (<sup>n</sup>BAUNER, <sup>b</sup>LAVE)  
 BOT.,GRD. Varietet (Phaseolus vulgaris L. nanus Asch.) av arta hagebønne av slekta bønne i ertefam. 30-60 cm høge planter med oppretta stenglar og korte internodier. SYN. Buskbønne, dvergbønne, krypbønne, bønne 4.  
 d. buskbønne, dværgbønne, krybbønne; s. buskböna, dvergböna, krypböna, låga bönor; e. dwarf (+French) bean, am. bush bean; t. Buschbohne f, Kruppbohne f.
- 44 BØNNEURT, ei, (<sup>n</sup>BAUNE-) d.s.s. VANLIG SAR.
- 45 BØNNEVIKKE, ei, (<sup>n</sup>BAUNE-)  
 BOT.,GRD. Art (Vicia faba L.) av slekta vikke i ertefam. Eittårige planter med meterhøg, kanta, stiv stengel. To varietetar er kjende i Noreg: valsk bønne (som er grønsakvekst) og åkerbønne (som er förplante). SYN. Vikkebønne, åkerbønne (hestebønne) 2, valsk bønne (bondebønne) 2.  
 e. +broad bean, +horse bean; t. +Pferdebohne f, +dicke Bohne f. (Ofte i tydinga valsk bønne): d. +bønnevikke; s. +bondböna, t. +Puffbohne f, +Saubohne f. (Ofte i tydinga åkerbønne): d. +hestebønne, s. +åkerböna, +hestböna; t. +Acerbohne f, +Feldbohne f.
- 46 CANTALOUPMELON, ein  
 1. BOT. Varietet (Cucumis melo L. cantalupensis Naud.) av arta melon i slekta saftfrukt i graskarfam. Fruktene vorta, skjelldekt,ruklete og med hardt skal. Lite og ikkje dyrka.  
 2. GRD. Sortsgruppenamn innan varieteteten nettmelon. Planter med djupt fura frukter som har tynt skal og er lite lagringsføre. God smak som minner om ananas.  
 3. Frukt av plante som nemnd under 1 eller 2.  
 d. cantaloupe; s. cantaloup; e. +cantaloupe melon; t. Kantalupe f, Kantalupemelone f.
- 47 CITRONMELIS, ein, s. SITRONMELIS.
- 48 CRISPSALAT, ein, d.s.s. SPRØSALAT.
- 49 DELIKATESSEPAPRIKA, ein, d.s.s. GRØNSAKPAPRIKA.
- 50 DILL, ein  
 1. BOT.,GRD. Art (Anethum graveolens L.) av slekt i skjermpl.fam. Omlag 75 cm høge, eittårige planter med findelte blad og gule blomar.  
 2. Grøne, friske blad av dillplanter, brukt som grønsak. SYN. Grøn dill.  
 3. Blomsterstandar av dillplanter, brukt i pikkels. SYN. Krondill.  
 4. Mogne frukter av dillplanter, brukt som krydder.  
 d. dild; s. dill; e. dill; t. Dill m, +Gurkenkraut n. 4): s. krondill.

- 51 DILL, GRØN (<sup>b</sup>GRØNN), d.s.s. DILL 2.
- 52 DRIVAGURK, ein, d.s.s. VEKSTHUSAGURK.
- 53 DRIVTOMAT, ein, d.s.s. VEKSTHUSTOMAT.
- 54 DRUEAGURK, ein  
 1. GRD. Sortsgruppe innan arta agurk. Planter med små frukter som blir hausta på eit tidleg stadium. Vanlegvis dyrka på friland.  
 2. Umogen frukt av plante i sortsgruppa, brukt til sunsylting. I konservindustrien blir frukter mindre enn 9 cm kalla sylteagurk, større frukter salteagurk. Små sylteagurk (3-6 cm) er også kalla picklesagurk.  
 SYN. Picklesagurk 3, frilandsagurk 3.  
 d. drueagurk; s. druvgurka; e. gherkin ("gherkin": opphaveleg namn på arta: Cucumis anguria L.), am. pickling cucumber; t. Traubengurke f.
- 55 DVERG-BRYTBØNNE, ei, d.s.s. LÅGE BRYTBØNNER.
- 56 DVERGBØNNE, ei (<sup>n</sup>-BAUNE) d.s.s. LÅGE BØNNER.
- 57 DVERG-SNITTEBØNNE, ei, (<sup>n</sup>-BAUNE) d.s.s. LÅGE SNITTEBØNNER.
- 58 EGGFRUKT, ei  
 Frukt av plante av arta eggplante. Brukt som grønsak. SYN. Aubergine.  
 d. ægirugt, aubergine; s. äggfrukt, aubergine; e. eggfruit, aubergine; t. Eierfrucht f, Aubergine f.
- 59 EGGPLANTE, ei  
 1. BOT.,GRD. Art (Solanum melongena L.) av slekta søtvier i søtvierfam. Eittårige, 50-80 cm høge planter med hangande oftast eggforma frukter (eggfrukt).  
 SYN. Eggsøtvier, aubergine.  
 d. ægplante, aubergine; s. äggplanta, aubergine; e. eggplant, aubergine; t. Eierfrucht f, Aubergine f.
- 60 EGGSØTVIER, ein, d.s.s. EGGPLANTE.
- 61 <sup>b(n)</sup>ELEFANTØRE <sup>b(n)</sup>VANLIG (<sup>n</sup>-ØYRE, <sup>n</sup>-ØYRA; <sup>n</sup>-LEG), d.s.s. TARO.
- 62 ENDIVIE, ein  
 1. BOT.,GRD. Art (Cichorium endivia L.) av slekta sikori i korgpl.fam. Eitt- eller toårige planter med mjølkesaft. Salatliknande plante med nokså skarp smak. Blir gruppert i to varietetar: breiblada endivie og moskrusa endivie.  
 2. Blad av planter innan arta, brukt som grønsak/matpynt.  
 d. endivie; s. endivia, endiviasallat; e. endive; t. Endivie f, Winterendivie f.

- 63 ENDIVIE, BREIBLADA (<sup>b</sup>-BLADET, <sup>b</sup>BREDBLADET)  
 1. BOT.,GRD. Varietet (Cichorium endivia L. latifolium Lam.) av arta endivie av slekta sikori i korgpl.fam. Planter med heilranda blad og som er meir hovuddanande enn planter innan varieteteten krusendivie.  
 2. Hovud av plante innan varieteteten,brukt som grønsak, som regel etter å ha blitt bleika framfor hausting.  
 SYN. Batavisk salat, eskariølsalat.  
 d. bredbladet endivie, batavisk endivie; s. bredbladig endivia; e. escarole, broad-leaved endive, Batavian endive; t. Escariol-Endivie f, Eskariol m.
- 64 ENDIVIE, MOSKRUSA (<sup>b</sup>-KRUSET), d.s.s. KRUSENDIVIE.
- 65 ERT, ei (<sup>n</sup>ERTER)  
 1. BOT. Slegt (Pisum L.) i ertefam.  
 2. GRD. I daglegtale ofte d.s.s. hageert eller konservert 1,2.  
 3. Frø av plante innan slekta ert.  
 d. ært; s. ärt; e. pea; t. Erbse f.
- 66 ESKARIØLSALAT, ein, d.s.s. BREIBLADA ENDIVIE.
- 67 ESTRAGON, ein  
 1. BOT.,GRD. Art (Artemisia dracunculus L.) av slekta malurt i korgpl.fam. Fleirårige, 0,7 - 1m høge krydderplanter med lange, smale blad.  
 2. Friske blad av planter innan arta, brukt som krydder.  
 3. Krydder av tørka blad av planter innan arta.  
 d. esdragon; s. dragon; e. tarragon, estragon; t. Estragon m, Dragun m, Kaiserkraut n.
- 68 <sup>n(b)</sup>ETASJELAUK, ein, (<sup>b(n)</sup>-LØK) d.s.s. <sup>n(b)</sup>LUFTLAUK.
- 69 FENNIKEL  
 1. BOT.,GRD. Art (Foeniculum vulgare Mill.) av slekt i skjermpl.fam. To varietetar er mest dyrka: a) ein med fin-delte blad som blir nytta som krydder, og med frukter som blir nytta til framstilling av søt fennikelolje (F.v. dulce Thell.), b) ein med oppsvulma slireknute og kraftige bladstilkar (F.v. azoricum Thell.).  
 2. Unge skott og blad av planter innan arta, brukt som krydder på same måte som grøn dill.  
 3. Slireknute og bladstilkar som nemnd under 1b, brukt som grønsak.  
 4. Mogne frukter av planter innan arta, brukt som krydder.  
 SYN. Finkel.  
 d. fennikel; s. fänkål; e. fennel; t. Fenchel m.  
 1a): d. sød fennikel; e. sweet fennel, sweet anise, Florence fennel, finocchio; t. Gewürzfenchel m, süsser Fenchel m.  
 1b): e. Italian fennel, carosella; t. Gemüsefenchel m, Zwiebelfenchel m.
- 70 FINKEL, ein, s. FENNIKEL.

- 71 FLASKEFRUKT, ei  
 BOT.,GRD. Art (*Lagenaria leucantha* Rusby) av slekt i graskarfam. Planter med graskarliknande frukter. Viktig nyttevekst i tropiske og subtropiske strok.  
 d. flaskegraskar; s. flaskpumpa, kalabas; e. bottle gourd; t. Flaschenkürbis m.
- 72 FRILANDSAGURK, ein  
 1. GRD. Samlenamn for sortar innan arta agurk egna for frilandsdyrking. I Noreg vanlegvis sortar innan gruppa drueagurk, men kan også vera asie- eller slangeagurk.  
 2. GRD. Kultur på friland av planter innan arta agurk.  
 3. (GRD.) I daglegtale stundom (misvisande) d.s.s. drueagurk.  
 4. Frukt av agurkplante dyrka på friland.  
 d. frilandsagurk; s. frilandsgurka; e. ridge cucumber + gherkin, am. (ikkje noko tilsvarande namn);  
 t. Freilandgurke f.
- 73 FRILANDSREDDIK, ein  
 1. GRD. Sortsgruppe av varieteteten månadsreddik, egna for dyrking på friland. SYN. Sommarreddik 1.  
 2. GRD. Kultur på friland av planter innan varieteteten månadsreddik.  
 3. Rot-stengel-knoll av plante frå kultur som nemnd under 2. SYN. Sommarreddik 1.
- 74 FRILANDSTOMAT, ein  
 1. GRD. Samlenamn for sortar innan arta kulturtomat egna for frilandsdyrking.  
 2. GRD. Kultur på friland av planter innan arta kulturtomat.  
 3. Frukt av tomatplante dyrka på friland.  
 d. frilandstomat; s. frilandstomat; t. Freilandtomate f.
- 75 <sup>b</sup>FRUKOSTREDDIK, ein, (<sup>n</sup>FRUKOST-)  
 1. (GRD.) I eldre litteratur d.s.s. månadsreddik.  
 2. (GRD.) D.s.s. vinterreddik 2,4.
- 76 FRØBØNNE, ei, (<sup>n</sup>-BAUNE)  
 GRD. Gruppenamn innan varieteteten dvergbønne. Planter som blir dyrka for å hausta dei mogne frøa for mat.  
 SYN. Matbønne, prinsessebønne, brune bønner 1.  
 d. <sup>+</sup>brune bønner, prinsessebønne; s. spritböna, kokböna;  
 e. <sup>+</sup>dry bean, dry kidney bean; t. Trockenbohne f.
- 77 <sup>x</sup>GOABØNNE, ei, (<sup>n</sup>-BAUNE)  
 BOT.,GRD. Art (*Psophocarpus tetragonolobus* DC.) av slekt i ertefam. Fleirårige slyngande planter med potetliknande rotknollar og store skolmer som er firkanta i tverrsnitt. Både frø, unge skolmer og knollar blir nytta til mat. Mykje dyrka i tropene, særleg i Asia og Afrika.  
 e. Goa bean, four-angled bean, asparagus pea; t. Goa-Bohne f.

- 78 GRASKAR, eit, (<sup>b</sup>GRESS-)  
 1. BOT. Slekt (*Cucurbita* L.) i graskarfam.  
 2. GRD. Dyrka arter av slekta graskar. Dei vanlegaste er: kjempe- og mandelgraskar, i mindre grad muskatgraskar. Sortar av graskar kan grupperast etter fruktform, smak, lagringsevne og bruksmåte av fruktene i: pumpkin, sommar- og vintergraskar. Denne grupperinga samsvarar lite med arts-inndelinga.  
 3. Frukt av graskarplante, brukt som grønsak, dekorasjon eller dyrefór.  
 d. graskar; s. pumpa, kurbits, växtmärg; e. <sup>+</sup>gourd, am. pumpkin + squash; t. Kürbis m.
- 79 n<sup>(b)</sup>GRASLAUK, ein, (<sup>b(n)</sup>-LØK, <sup>b</sup>GRESSLØK)  
 1. BOT.,GRD. Art (*Allium schoenoprasum* L.) av slekta lauk i liljefam. Fleirårige, tueforma planter med 25-30cm lange, røyrforma blad.  
 2. Blad av graslaukplanter, brukt som grønsak/krydder.  
 d. purrløg; s. gräslök; e. chive, cive; t. Schnittlauch m, Graslauch m.
- 80 GRØNKÅL, ein, (<sup>b</sup>GRØNN-)  
 1. GRD. Gruppe innan subvarietet (*Brassica oleracea* L. acephala DC. laciniata L.) av varieteteten bladkål av arta dyrka kål av slekta kål i krossbl.fam. Planter med grøne, meir eller mindre finkrusa blad.  
 2. Blad av plante innan gruppa, brukt som grønsak.  
 d. grønkål, kruskål; s. grönkål; e. (med vidare tyding enn grønkål) borecole, kale, am. <sup>+</sup>common kale, curled kitchen kale; t. Grünkohl m, Krauskohl m.
- 81 GRØNMYNTE, ei, (<sup>b</sup>GRØNN-)  
 1. BOT.,GRD. Art (*Mentha spicata* L.) av slekta mynte i lippebl.fam. Fleirårige, 3-8 dm høge planter med friskt grøne, nærpå glatte blad og med aromatisk lukt.  
 2. Blad og stenglar av plante som nemnd under 1, brukt som krydder.  
 d. grønmynte; s. grönmynta; e. spearmint, green mint; t. grüne Rossminze f, grüne Minze f.
- 82 GRØNSAKHIBISK, ein, (<sup>b</sup>GRØNN-) d.s.s. OKRA.
- 83 <sup>x</sup>GRØNSAKPAPRIKA ein, (<sup>b</sup>GRØNN-)  
 1. GRD. Gruppe innan arta paprika. Planter med frukter som har mild smak, i motsetnad til krydderpaprika.  
 2. Frukt av plante innan sortsgruppa, brukt som grønsak.  
 SYN. Delikatessepaprika, paprika 2,4.  
 d. sød peber; s. paprika; e. sweet pepper; t. Gemüse-paprika m.
- 84 GULROT, ei  
 1. BOT. Art (*Daucus carota* L.) av slekt i skjermpl.fam.  
 2. GRD. Alltid d.s.s. dyrka gulrot. SYN. Karotte 2.  
 3. Oppsvulma hovudrot av plante innan varieteteten dyrka gulrot, brukt som grønsak. SYN. Karotte 4.  
 2+3): d. gulrot; s. moröt; e. carrot; t. Möhre f, Mohrrübe f, Rübe f, Wurzel f, Karotte f.



- 85 GULROT, DYRKA, (<sup>b</sup>DYRKET)  
 BOT. Varietet (*Daucus carota* L. *sativus* Hayek) av arta gulrot av slekt i skjermpl.fam. Planter med oppsvulma, matnyttig hovudrot.  
 SYN. Gulrot 2.  
 d. havegulerod; s. <sup>+</sup>morot; e. cultivated carrot; t. Speisemöhre f.
- 86 HAGEBØNNE, ei, (<sup>n</sup>-BAUNE)  
 BOT.,GRD. Art (*Phaseolus vulgaris* L.) av slekta bønne i erte-fam. Etter veksemåten blir arta gruppert i to varietetar: høge bønner og låge bønner. På grunnlag av haustetidspunktet skil ein mellom tre hovudtyper: a) frøbønne, som blir hausta når frøa er mogne; b) bønne hausta når frøa er utvaksne, men umogne (ikkje dyrka i Noreg); og c) skolmbønne, som blir dyrka for dei ikkje fullt utvikla skolmene si skuld.  
 d. havebønne, almindelig havebønne; s. trädgårdsböna; e. <sup>+</sup>French bean, e. <sup>+</sup>am. common bean, kidney bean; t. Gartenbohne f, Gemüsebohne f.  
 b): e. haricot bean, green shell bean.
- 87 HAGEERT, ei, (<sup>n</sup>-ERTER)  
 BOT.,GRD. Art (*Pisum sativum* L.) av slekta ert i ertefam. Blir gruppert i: sukker-, pill- og mergert, på grunnlag av om frøa er rynka eller glatte, og om skolmene har innerhinne eller ikkje. Er skolmene tjukkvegga, utan innerhinne, blir sorten gruppert under brytert.  
 SYN. Ert 2.  
 d. haveært; s. trädgårdsärt; e. garden pea; t. Gartenerbse f.
- 88 HAGEGEITESKJEGG, eit, d.s.s. HAVREROT.
- 89 HAGEKARSE, ein, d.s.s. MATKARSE.
- 90 HAGEKJØRVEL, ein  
 1. BOT.,GRD. Art (*Anthriscus cerefolium* Hoffm.) av slekta kjørvel i skjermpl.fam. Eittårige planter, 40-50 cm høge, med fine, lysgrøne blad og med søt, aromatisk lukt.  
 2. Blad og unge bladstilkar av planter innan arta, brukt som grønsak/krydder.  
 SYN. Kjørvel 2,3.  
 d. havekørvel; s. trädgårdskörvel; e. salad chervil, <sup>+</sup>chervil, t. Kerbelkraut n, Gartenkerbel m, echter Kerbel m, Gewürzkerbel m.
- 91 HAGEREDDIK, ein  
 BOT.,GRD. Art (*Raphanus sativus* Domin.) av slekta reddik i krossbl.fam. Fleire dyrka varietetar, som kan grupperast i to hovudtyper: varietetar med tynn hovudrot, og varietetar med planter som har matnyttig rot-stengel-knoll. Månads- og vinterreddik tilhøyrrer den siste gruppa. SYN. Reddik 2.  
 d. ræddike, ræddike + radise; s. <sup>+</sup>rättika, rättika + rädisa; e. radish; t. <sup>+</sup>Rettich m, Rettich m + Radies n.

- 92 HAGESALAT, ein  
 BOT.,GRD. Art (*Lactuca sativa* L.) av slekta salat i korgpl.-fam. Eittårige planter, rik på mjølkesaft. Kan grupperast i fire varietetar: blad-, hovud-, bind- og stengelsalat. SYN. Salat 2.  
 d. havesalat; s. vanlig sallat, trädgårdssallat; e. <sup>+</sup>lettuce; t. Gartensalat m.
- 93 HAGESELLERI, ein  
 BOT.,GRD. Art (*Apium graveolens* L.) av slekta selleri i skjermpl.fam. Tre dyrka varietetar: knoll-, stilk- og snitt-selleri, SYN. Selleri 2.  
 d. haveselleri; s. selleri; e. (om villforma:) smallage; t. Gartensellerie m/f, Sellerie m/f.
- 94 HAGESPINAT, ein, d.s.s. SPINAT.
- 95 n(b) HAUSTKVITKÅL, ein, (<sup>b</sup>HØST-, <sup>b</sup>HØSTHVIT-) d.s.s. HAUSTKÅL.
- 96 n(b)  
 HAUSTKÅL, ein, (<sup>b</sup>HØST-)  
 1. GRD. Sortsgruppe av forma kvitkål. Planter som i varme strok i Sør-Noreg treng 80-110 vekstdøger frå planting.  
 2. Kålhovud nytta som grønsak om hausten.  
 SYN. Haustkvitkål.  
 d. høsthvidkål; s. höstkål, höstvitkål; e. (ofte medrekne raudkål og savoykål:) midseason cabbage, autumn cabbage; t. mittelfrüher Weisskohl m, Herbstweisskohl m, Herbstweisskraut n.
- 97 HAVREROT, ei  
 1. BOT.,GRD. Art (*Tragopogon porrifolius* L.) av slekta geiteskjegg i korgpl.fam. Toårige, 4-9 dm høge planter med lange, smale, linjeforma blad.  
 2. Lang, ofte greina rot av plante av arta, brukt som grønsak/krydder.  
 SYN. Hagegeiteskjegg.  
 d. havrerod; s. havrerot, haverrot; e. salsify, vegetable oyster, oyster plant; t. Haferwurzel f.
- 98 HESTEBØNNE, ei, (<sup>n</sup>-BAUNE) d.s.s. ÅKERBØNNE.
- 99 HJELMBØNNE, ei, (<sup>n</sup>-BAUNE)  
 BOT.,GRD. Art (*Dolichos lablab* L.) av slekt i ertefam. Fleir-årige planter med variabel vekst, men oftast med opptil 10 m lange slyngande stenglar. Unge skolmer og frø er nytta til mat. Vanleg dyrka i tropene.  
 d. hjælbønne; s. hyacintböna; e. bonavist bean, hyacinth bean, dolichos bean; t. Helmbohne f, Faselbohne f.
- 100 <sup>b</sup>HJERTENFRYD d.s.s. SITRONMELIS.
- 101 HJULKRONE, ei, d.s.s. AGURKURT.

- 102 <sup>n</sup>HOVUDKÅL, ein, (<sup>b</sup>HODE-)  
 1. BOT. Varietet (Brassica oleracea L. capitata L.) av arta dyrka kål av slekta kål i krossbl.fam. Blir på grunnlag av bladfargen gruppert i to former: kvitkål og raudkål.  
 2. GRD. Omfattar varieteten savoykål og varietet som nemnd under 1. (MANSFELD (1959): B. o. convar. capitata Alef.). SYN. Kål 3.  
 3. (GRD.) I daglegtale ofte d.s.s. kvitkål eller rund kål.  
 4. Kålhovud av plante innan gruppe som nemnd under 2, brukt som grønsak. SYN. Kål 3.  
 d. 1) almindelig hovedkål, 2) hovedkål; s. huvudkål;  
 e. 2) cabbage; t. Kopfkohl m, Kraut n.
- 103 <sup>n</sup>Hovudsalat, ein, (<sup>b</sup>HODE-)  
 1. BOT.,GRD. Varietet (Lactuca sativa L. capitata L.) av arta hagesalat av slekta salat i korgpl.fam. Planter med blad i ein tett rosett eller hovud. Sortar innan varieteten kan grupperast i smørsalat og sprøsalat.  
 2. (GRD.) I daglegtale d.s.s. smørsalat 1,2.  
 3. Hovud av plante innan varieteten, brukt som grønsak. SYN. Salat 3,5.  
 d. hovedsalat, <sup>+</sup>salat; s. huvudsallat, <sup>+</sup>sallat; e. cabbage lettuce, head lettuce, <sup>+</sup>lettuce; t. Kopfsalat m, Häuptel-salat m.
- 104 <sup>n</sup>HOVUDSALAT, KRUSBLADA (<sup>b</sup>HODE-, <sup>b</sup>-BLADET) d.s.s. SPRØSALAT
- 105 ISOP, ein  
 1. BOT.,GRD. Art (Hyssopus officinalis L.) av slekt i lippe-bl.fam. Fleirårige, 4-5 dm høge, buskaktige planter med sterk krydderlukt. Dyrka som pryd- og/eller krydderplanter.  
 2. Krydder av tørka, overjordiske deler av planter innan arta.  
 d. isop; s. isop; e. hyssop; t. Ysop m.
- 106 ISSALAT, ein, d.s.s. SPRØSALAT.
- 107 <sup>x</sup>JACK-BØNNE, ei, (<sup>n</sup>-BAUNE).  
 BOT.,GRD. Art (Canavalia ensiformis DC.) av slekt i ertefam. Fleirårige, opprette og omlag 1 m høge planter med omlag 30 cm lange skolmer og store frø. Umogne skolmer blir nytta som grønsak etter koking (giftig i rå tilstand). Dyrka i tropene.  
 e. Jack bean; t. Jackbohne f, Madagaskar-Bohne f.

- 108 <sup>x</sup>JAM, ein  
 BOT.,GRD. Samlenamn for dyrka arter av slekt (*Dioscorea* L.) i eigen fam. (*Dioscoreaceae*). Urter med klatrande eller slyngande stengel og hjarteforma blad og med stiverike rotknollar som er svært viktig som mat i tropiske og subtropiske strok, særleg i Mellom- og Sør-Amerika, Vest India og i Asia. Dei viktigaste artene er: a) kinesisk jam (kinapotet) (*D. batatas* Decne.) er mest dyrket i Kina, Korea og Japan, b) kjempejam (*D. alata* L.) har opptil 2,5 m lange og 30 kg tunge knollar, c) *D. trifida* L. er særleg dyrka i Sør-Amerika og har små knollar av god kvalitet, d) *D. bulbifera* L. har luftknollar, e) *D. hispida* Dennst., f) *D. cayenensis* Lam. er dyrka i Afrika, Sør-Amerika og Vest India.  
 SYN. Yams.  
 d. jams; s. jams, yams; e. yams, a) Chinese yam, b) water yam, winged yam, greater yam, c) cush-cush, yampee, d) air potato, f) yellow yam, attato yam; t. Yams n, Yamswurzel f.
- 109 <sup>x</sup>JAMBØNNE, ei, (<sup>n</sup>-BAUNE)  
 BOT.,GRD. Samlenamn for dyrka arter innan slekt (*Pachyrrhizus* Rich.) i ertefam. Fleirårige planter med opptil 6 m lange, klatrande eller slyngande stenglar og med beteliknande, stive-rike rotknollar. Knollane blir nytta til framstilling av stive eller mjøl, umogne skolmar er grønsak. Mykje dyrka i tropene. Dei mest dyrka artene er: *P. erosus* Urb. og *P. tuberosus* Spr.  
 d. jamsbønne; e. yam bean; t. Yamsbohne f.
- 110 JAM, KINESISK, s. JAM.
- 111 JORDEPLE, eit  
 1. (GRD.) Tidlegare stundom d.s.s. jordskokk.  
 2. Stundom i tydinga potet.
- 112 JORDNØTT, ei  
 Art (*Arachis hypogaea* L.) av slekt i ertefam. Eittårige, 20-70 cm høge planter med greina stengel og lange blomsterskaft som etter blomstring bøyer seg slik at frukta veks ned i jorda. Frøa blir nytta til mat eller til framstilling av jordnøttolje. Viktig matplante i tropiske og subtropiske strok, særleg i India, Kina, tropisk Afrika og U.S.A. Jordnøtter vert ofte selde under namnet pea-nøtter.  
 a. jordnød; s. jordnöt; e. pea nut, ground nut; t. Erdnuss f.
- 113 JORDSKOKK, ein  
 1. BOT.,GRD. Art (*Helianthus tuberosus* L.) av slekta solvendel i korgpl.fam. Fleirårige planter med urteaktige, grove stenglar, 1-3 m høge.  
 2. Potetliknande knoll av plante som nemnd under 1, utvikla frå underjordiske stengeltæger, brukt som grønsak.  
 SYN. Jordeple 1.  
 d. jordskokk; s. jordskocka, jordärtskocka; e. Jerusalem artichoke, girasole; t. Erdapfel m, Topinambur f.

- 114 JULESALAT, ein, (<sup>(n)</sup>JOLE-) d.s.s. SIKORISALAT.
- 115 <sup>x</sup>KAJOTE, ei  
 BOT.,GRD. Art (*Sechium edule* Sw.) av slekt i graskarfam. Rankande og klatrande fleirårige planter med rotknollar og pæreforma, fura frukter. Knollar, frukter og unge skott blir nytta til mat. Viktig matplante i tropiske og subtropiske strok, særleg i Asia og Amerika.  
 s. cayote; e. chayote, Christophine, cho-cho.
- 116 KARDON, ein  
 BOT.,GRD. Art (*Cynara cardunculus* L.) av slekta saftsveip i korgpl.fam. Sterktveksande, fleirårige planter med lange, kjøttfulle bladstilkar som blir nytta som grønnsak etter bleiking. Mest dyrka i Middelhavslanda.  
 d. kardon; s. kardon; e. cardoon; t. Kardone f, Gemüse-Artischocke f.
- 117 KAROTTE, ein  
 1. GRD. Sortsgruppe innan varieteten vanlig gulrot. Planter med kort og butt hovudrot.  
 2. (GRD.) Sjeldan d.s.s. gulrot 2,3.  
 3. Oppsvulma hovudrot av plante innan sortsgruppa, brukt som grønnsak.  
 d. karotte, karot; s. karotte; t. <sup>+</sup>Karotte f.
- 118 KARSE, ein  
 1. BOT. Slekt (*Lepidium* L.) i krossbl.fam.  
 2. GRD. Oftast d.s.s. matkarse 1.  
 3. Blad og stenglar av (små)planter av arta matkarse, brukt som grønnsak/krydder. SYN. Matkarse 2.  
 d. karse; s. krasse; e. peppergrass; t. 1) Kresse f.
- 119 KARVE, ein  
 1. BOT.,GRD. Art (*Carum carvi* L.) av slekt i skjermpl.fam. Viltveksande og dyrka. Bladspirer om våren er brukt på liknande måte som spinat (karvekål).  
 2. <sup>+</sup>Frukter av planter innan arta, brukt som krydder.  
 d. <sup>+</sup>kommen, almindelig kommen; s. kummin; e. caraway;  
 t. <sup>+</sup>Kümmel m, echter Kümmel m, gemeiner Kümmel m.
- 120 KASSAVA, ein, d.s.s. MANIOK.

- 121 n<sup>(b)</sup> KEPALAUk, ein, '(<sup>b(n)</sup>-LØK)
1. BOT. Art (*Allium cepa* L.) av slekta lauk i liljefam. Toårige planter med runde innhole blad og vanlegvis ein stor lauk for kvar plante. Potetlauk og luftlauk er varietetar av arta. Mange meiner nå at også sjalottlauk høyrer til her.
  2. GRD. Art som nemnd under 1, men ikkje medrekna varietetane. (MANSFELD (1959): A.c. var. *cepa*). På grunnlag av dyrkingsmåten skil ein mellom sålauk, planta lauk og stikk-lauk 4,5. Syltelauk er skild ut som eigen sortsgruppe på grunn av laukstorleik, farge og bruksmåte. SYN. Lauk 2, raudlauk 1, matlauk 2.
  3. Kvileorganet lauk av plante av arta.
  4. Kvileorganet lauk av plante i gruppe som nemnd under 2, brukt som grønnsak. SYN. Matlauk 2, lauk 5, raudlauk 3. SYN. (Tidlegare:) kjempelauk.
- d. kepaløg, rødløg, løg; s. kepalök, vanlig lök, †lök;  
 e. common onion, garden onion, onion; t. Speisewiebel f, Küchenzwiebel f, Zwiebel f, Sommerzwiebel f.
- 122 KEPASTIKK, ein
1. GRD. Kultur av kepalauk 2 under produksjon av sette-lauk. SYN. Settelauk (laukstikk) 2, stikk-lauk 2.
  2. GRD. Som under 1, men for kvileorganet lauk under lagring, omsetnad og setting av settelauk. SYN. Settelauk (laukstikk) 3, stikk-lauk 3.
- d., s., e., t., ): (sjå stikk-lauk).
- 123 KIKERT, ei, (<sup>n</sup>-ERTER)
- BOT.,GRD. Art (*Cicer arietinum* L.) av slekt i ertefam. Eitt-årige 30-60 cm høge opprette planter med korte, breie skolmer som har 1-2 frø. Umogne og mogne frø blir nytta som grønnsak. Særleg viktig som matplante i middelhavslanda, vestlege deler av Asia og Latin-Amerika. SYN. Bukkert.
- d. kikerært; s. kikært; e. chick pea, garbanzo; t. Kicher-erbse f.
- 124 KINAKÅL, ein
1. BOT.,GRD. Art (*Brassica pekinensis* Rupr.) av slekta kål i krossbl.fam. Hovuddanande kålart som ættar frå Kina.
  2. Kålhovud av plante innan arta, brukt som grønnsak.
  3. GRD. (Ikkje i Noreg:) Samlenamn for art som nemnd under 1 og den ikkje hovuddanande arta sellerikål. SYN. Kinesisk kål.
- 1+2): d. kinesisk kål; e. pe-tsai, †celery cabbage, Shantung cabbage; t. Pekingkohl m, Schantungkohl m, Pai-Tsaikohl m.  
 3): † s. sallatkål, kinesisk kål; e. †Chinese cabbage, t. Chinakohl m.
- 125 KINAPOTET, ei, s. JAM.

- 126 <sup>n</sup>KINESARREDDIK, ein, (<sup>b</sup>KINESER-)  
 1. BOT. Varietet (*Raphanus sativus* L. *longipinnatus* Bailey) av arta hagereddik av slekta reddik i krossbl.fam. Store planter med opptil 60 cm lange, smale blad med 8-12 par-flikar. Stor og lang matnyttig rot. Vanlegvis orientalske sortar.  
 2. (GRD.) (Berre i Noreg): D.s.s. vinterreddik 2,4.  
 1): am. Chinese radish.
- 127 KJEMPEGRASKAR, eit, (<sup>b</sup>-GRESS-)  
 BOT.,GRD. Art (*Cucurbita maxima* Duch.) av slekta graskar i graskarfam. Planter med lange rankar og store, nyreforma blad. Blomsterstilkane runde. Graskarsortar innan arta tilhøyrer gruppene pumpkin og vintergraskar og er lite dyrka i Noreg.  
 d. centnergraskar; s. jättepumpa, centnerkurbits; t. Speisekürbis m.
- 128 KJEMPEJAM, ein, s. JAM.
- 129 <sup>n(b)</sup>KJEMPELAUK, ein, (<sup>b(n)</sup>-LØK) d.s.s. KEPALAUK.
- 130 <sup>n</sup>KJÆRLEIKSURT, ei, (<sup>b</sup>KJÆRLIGHETS-) d.s.s. LØPSTIKKE.
- 131 KJØRVEL, ein  
 1. BOT. Slekt (*Anthriscus* Pers.) i skjermpl.fam.  
 2. GRD. I daglegtale d.s.s. hagekjørvel 1.  
 3. Blad med unge bladstilkar av planter innan arta hagekjørvel, brukt som grønnsak/krydder. SYN. Hagekjørvel 2.  
 d. kørvel; s. kørvel; e.<sup>+</sup>chervil; t. Kerbel m.
- 132 KNOLLSELLERI, ein  
 1. BOT.,GRD. Varietet (*Apium graveolens* L. *rapaceum* Gaud.) av arta hageselleri av slekta selleri i skjermpl.fam. Toårige planter som første året utviklar rot-stengel-knoll.  
 2. Rot-stengel-knoll av plante innan varieteteten, brukt som grønnsak.  
 SYN. Rotselleri, selleri 3.  
 d. knoldselleri, <sup>+</sup>selleri; s. rotselleri, <sup>+</sup>selleri;  
 e. celeriac, turnip-rooted celery, celery root; t. Knollensellerie m/f, <sup>+</sup>Sellerie m/f.
- 133 KNUTEKÅL, ein  
 1. BOT.,GRD. Varietet (*Brassica oleracea* L. *gongylodes* L.) av arta dyrka kål av slekta kål i krossbl.fam. Planter der toppen av stengelen svulmar opp til ein knoll.  
 2. Knoll av plante innan varieteteten, brukt som grønnsak.  
 SYN. Overjordisk kålrabi, kålrabi 2.  
 d. knudekål, glaskålrabi; s. knutekål, kålrabbi; e. kohlrabi;  
 t. Kohlrabi m, Oberkohlrübe f, Oberkohlrabi m.

- 134 KONSERVERT, ei, (<sup>n</sup>-ERTER)  
 1. GRD. Gruppe av sortar av mergert og meir sjeldan pillert, nytta ved dyrking for levering til fabrikk.  
 2. GRD. Kultur av slik sort, dyrka med tanke på levering til fabrikk.  
 3. Frø av mergert, meir sjeldan pillert, konservert i umogen tilstand.  
 d.konservesært; s. konservært; e. canning pea; t. Konserven-erbse f.
- 135 KORIANDER, ein  
 1. BOT.,GRD. Art (*Coriandrum sativum* L.) av slekt i skjerm-pl.fam. Eittårige, 2-5 dm høge planter som i frisk tilstand luktar vondt.  
 2. Tørka, mogne frukter av planter innan arta, brukt som krydder.  
 d. koriander; s. koriander; e. coriander; t. Koriander m.
- 136 KRONDILL, ein, d.s.s. DILL 3.
- 137 \*KRUSENDIVIE, ein  
 1. BOT.,GRD. Varietet (*Cichorium endivia* L. *crispum* Lam.) av arta endivie av slekta sikori i korgpl.fam. Planter med meir eller mindre krusa blad i open rosett.  
 2. Blad av planter innan varietetet, brukt i salat og som bordpynt.  
 SYN. Moskrusa endivie.  
 d. moskruset endivie; s. krusig endivia; e. curled endive, fringed-leaved endive; t. Kraus-Endivie f.
- 138 KRUSMYNTE, ei  
 1. BOT.,GRD. Varietet (*Mentha spicata* L. *crispa* Benth.) av arta grønmynte av slekta mynte i lippebl.fam. Planter med krusa og sterkt tanna blad.  
 2. GRD. Krusblada planter innan slekta mynte, vanlegvis av varietetet som nemnd under 1.  
 3. Blad og stenglar av planter som nemnd under 1 eller 2.  
 d. krusemynte; s. krusmynta; t. Krauseminze f.
- 139 KRUSPERSILLE, ei(n)  
 1. GRD. Gruppe innan varietetet bladpersille. Planter med sterkt krusa blad. Ofte oppført som form (*Petroselinum crispum* Nym. var. *crispum forma crispum*) av varietetet.  
 2. GRD. Stundom d.s.s. bladpersille, av di einskilde sortar ikkje har sterkt krusa blad.  
 3. Blad av planter som nemnd under 1, brukt som matpynt/krydder.  
 4. Blad av planter av varietetet bladpersille, brukt som matpynt/krydder.  
 SYN. Persille 3.  
 d. +kruspersille, +persille; s. +bladpersilja, +persilja, 1) kruspersilja; e. +parsley, 1) curled parsley;  
 t. +Schnittpetersilie f, +Blattpetersilie f, 1) Krauspetersilie f.



- 140 KRUSSALAT, ein  
 1. (GRD.) Vanlegvis d.s.s. sprøsalat.  
 2. (GRD.) Stundom d.s.s. plukksalat 1,3.
- 141 KRYDDERPAPRIKA, ein, (<sup>n</sup>KRYDD-)  
 1. GRD. Gruppe av sortar innan arta paprika. Planter med frukter som har brennande kryddersmak.  
 2. Frukt av plante i sortsgruppa, brukt som krydder.  
 d. skarp peber, egentlig spansk peber; s. sterk paprika; e. hot pepper; t. Gewürzpaprika m.
- 142 KRYDDERSALVIE, ei, (<sup>n</sup>KRYDD-)  
 1. BOT.,GRD. Art (*Salvia officinalis* L.) av slekta salvie i lippebl.fam. Omlag 1 m høge halvbuskar med sterk duft.  
 2. Blad av plante innan arta, brukt til te og/eller som krydder.  
 SYN. Tesalvie, salvie 2,3.  
 d. <sup>+</sup>salvie; s. äkta salvia, krydd-salvia; e. garden sage, <sup>+</sup>sage; t. gebräuchlige(r) Salbei m/f, echte(r) Salbei m/f, Gartensalbei m/f.
- 143 KRYPBØNNE, ei, (<sup>n</sup>-BAUNE) d.s.s. LÅGE BØNNER.
- 144 KULTURTOMAT, ein  
 BOT. Art (*Lycopersicon esculentum* Mill.) av slekta tomat i søtvierfam. Dei vanlegast dyrka tomattypene tilhøyrer denne arta.  
 SYN. Tomat 2.  
 t. Kulturtomate f.
- 145 KVITKÅL, ein, (<sup>b</sup>HVIT-)  
 1. BOT.,GRD. Form (*Brassica oleracea* L. capitata L. alba) av varieteteten hovudkål av arta dyrka kål av slekta kål i krossbl.fam. Planter med meir eller mindre lyse blad inne i hovuda, og som til skilnad frå raudkål ikkje er sterkt raudfarga. I Noreg vert sortane vanlegvis grupperte i: sommarkål eller tidligkål, haust- og vinterkål på grunnlag av utviklingstid og lagringsevne.  
 2. GRD. (Ikkje vanleg): Som nemnd under 1, men ikkje medrekna typen spisskål. SYN. Rund kål.  
 3. Kålhovud av plante innan forma, brukt som grønnsak.  
 SYN. Hovudkål 3, kål 4.  
 1): s. vitkål; e. (ikkje særskilt namn, men "cabbage" har ofte denne tydinga) ; t. Weisskohl m, Weisskraut n.  
 2): d. hvidkål.
- 146 n(b) KVITLAUK, ein, (<sup>b(n)</sup>-LØK, <sup>b</sup>HVITLØK)  
 1. BOT.,GRD. Art (*Allium sativum* L.) av slekta lauk i liljefam. Fleirårige planter med flate blad og som økslar seg ved sidelauk.  
 2. Kvile- og økslingsorganet lauk av plante innan arta, brukt som grønnsak/krydder. Lauk med sterk kryddersmak.  
 3. Krydder av lauk som nemnd under 2.  
 d. hvidløg; s. vitlök; e. garlic; t. Knoblauch m.

- 147 KÅL, ein  
 1. BOT. Slekt (*Brassica* L.) i krossbl.fam. med mange dyrka arter og varietetar, i Noreg: arta dyrka kål med fleire varietetar, artene kinakål, sellerikål og svartsennep, og varietetane: ryps, nape, raps og kålrot.  
